



Styremøte Voss Hang- og Paragliderklubb

Styremøte 3/2022

Dato/tid/stad	22.06.22 klokka 14
Deltakarar	Til stade: Johnny Skjerping, Lena Vassli, Morten Knapstad, Sondre Mundal Eikeland, Malene Hetle Hole og David Møller Ikkje til stade: Einar Såkvitne
Leiar	Johnny Skjerping
Skrivar/referent	Lena Vassli

REFERAT

Godkjenning av innkalling:

Godkjent

Godkjenning av forrige møtereferat:

Godkjent

<i>Sak nummer</i>	<i>Innhald</i>	<i>Innlegg</i>	<i>Diskusjon/konklusjon</i>	<i>Ansvar</i>
25/22	Dagleg leiar	Johnny David Sondre Morten Lena Malene	Stillingsutlysninga blir lagt ut breitt. Sjølve utlysninga er grundig og tek for seg arbeidsoppgåvene og forventningar til søkerane. Målet er å få ut søknaden raskast mogleg og søknadsfristen blir satt til 3 veker etter stillinga blir utlyst. Målet er å få ein person inn i stillinga i løpet av	Johnny



			<p>august. Styret tek siste avgjerelse i kven som blir tilsett.</p> <p>Dersom nokon i styret søker på stillinga så blir dei inhabil i saka.</p> <p>Morten og David gjekk ut av møtet då økonomien rundt dagleg leiar blei diskutert.</p> <p>Styret vil forsøke å tak utgangspunkt i Voss Fallskjermklubb på lønn.</p>	
26/22	Hytta på Hanguren	Johnny	<p>Tippemidla knytt til Aust-starten og hytta, som blei orientert om på årsmøte, er ikkje lova. Det vart aldri sendt søknad, ny frist for søknad er i oktober 2022. Det blir undersøkt vidare kva me skal gjere med hyttebygginga.</p>	Johnny
27/22	Veko	Johnny	<p>Alt er godt planlagt og blir klart til Veko. Kun å krysse fingrane for godt flygevær.</p>	Johnny
28/22	Båten	Morten David Johnny	<p>Vinsjebåten har eit hol i skroget som gjorde at båten sank. Båten er enno inne på verkstad, kostnadane så langt er 30-40 000 kroner. Det er usikkert korleis elektronikken vil fungere.</p> <p>Båten blir ikkje klart til Veko, men det vurderast å låne vinsjebåt. Plana</p>	Morten



			er å få pussa graset på nokre vest-startar som erstatning.	
29/22	Rutinar i klubben	Johnny	Lage eit system som kan kvalitetssikre ulike rollar og oppgåver i klubben.	Johnny
30/22	Vogn på landing	Johnny	VossVind vil bemanne vogna og bruke det for å tak i mot booking for dei, Skydive Voss og Voss HPK.	
31/22	Brev frå medlem	Johnny	Brevet frå medlemmet blir gjennomgått på eit seinare styremøte kor me har betre tid til å få tatt ordentleg tak i det.	
32/22	Økonomi	Johnny	Klubbøkonomien er god slik som den er no. Midlane våre skal bli brukt til medlemma sitt beste.	
YMSE	Nødskjerpakking	Sondre Morten Johnny	Styret vil oppmuntre pilotar til å pakke om nødskjermane sine og me vil sjå om Voss Paragliderservice har kapasitet framover.	Johnny
	Kompensasjon for instruktørar	Malene	Jobbar vidare med gjennomgang av kompensasjon for instruktørar i forhold til overnatting.	Johnny